



Møteinkalling

Utvål: Fitjar sokneråd

Møtestad: Kyrkjestova

Dato: Torsdag 7. februar 2019

Tid: Kl. 18.30

Forfall må meldast til kyrkieverie Harald Rydland på e-post eller tlf. 913 47 802.

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskild innkalling.

Innkallinga er sendt til:

Navn	Funksjon
Sigrid Marie Fangel	Leiar N.B. Ord for dagen
Rasmus Fitjar	Nestleiar
Helga Olsen Aadland	Medlem
Terje Havro	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem
Bodil Nesse	Medlem
Gunvald Aarbø	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem
Roald Drønen	Sokneprest
Sigurd Andre` Maraas	Kommunal representant
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Åse Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem
Svein Arne Theodorsen	Vara for soknepresten
Agnar Aarskog	Vara for kommunal representant

Fitjar, 1. februar -2019

Sigrid Marie Fangel

Harald Rydland

Soknerådslejar

Kyrkieverie

Sakliste:

Saksnr. Tittel

Saksnr.	Tittel	Sak for kommunal representant
S-01/19	Detaljbudsjett for 2019	X
S-02/19	Møteplan for første halvår 2019	X
S-03/19	Referat frå sist møte	X
S-04/19	Meldingssaker	X
S-05/19	Open post	X
S-06/19	Arrangement i kyrkja sin regi	
S-07/19	Drøftingssak om kyrkjelydsprest, fond og gåver	
S-08/19	Soknepresten sine tankar om qudstenester m.m.	



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Sak 01/19: Detaljbudsjett for 2019

Soknerådet sende inn framlegg til budsjett saman med søknad om kommunalt tilskot hausten 2018. Budsjettframlegget føresette eit kommunalt tilskot på kr. 2.648.700,- medan kommunestyret løvvde kr. 2.524.400,-. Detaljbudsjettet er framleis under arbeid og vil verta lagt fram i soknerådsmøte.

I budsjettet for 2019 er desse stillingane lagde inn i budsjettet.

Stilling	
Kyrkjeverje	0,50
Kantor	0,65
Trusopplærar	0,80
Kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar	0,60
Reinhaldar/kyrkjetenar	0,10
Sum	2,65

Budsjetter er sett opp på grunnlag av erfaringstal frå rekneskap for dei siste åra og kjende forhold som er kommen til i det siste. Det er lagt inn ekstra vedlikehaldsmidlar til å gjera ein del maling- og vedlikehaldsarbeid på kyrkjetårnet i 2019.

Løyvinga som me hadde søkt kommunen om for å starta arbeidet på kyrkjegarden i 2019, utsette kommunestyret til 2020. Planlegginga av kyrkjegardsprosjektet kjem likevel til å halda fram etter tidlegare oppsett framdriftsplan.

Meir informasjon om budsjettet vert lagt fram i møte.

Framlegg til vedtak:

1. Soknerådet vedtek Fitjar sokn sitt detaljbudsjett slik det ligg føre.
2. Godtgjersla for tillitsvalde vert auka til desse satsane:
 - a. Møtegodtgjerdsle, kr. 330,- pr. møte
 - b. Godgjerdsl til leiar, kr. 5.000,- (fast godtgjerdsl i tillegg til møtegodtgjerdsl)
 - c. Godgjerdsl til nestleiar, kr. 1.000,- (fast godtgjerdsl i tillegg til møtegodtgjerdsl)
 - d. Godtgjerdsl til skrivar, kr. 275,- pr. møte
3. Kyrkjeverja får fullmakt til å gjera mindre omdisponeringar i driftsbudsjettet dersom det er påkrevd for å sikra den daglege drifta. Soknerådet skal orienterast dersom det er større omdisponeringar som må til.

Sak 02/19: Møteplan for første halvår 2019

Soknerådet bør leggja opp til å ha minst tre møter til fram mot sommaren. På neste møte skal rådet behandla årsmelding for 2018, som skal leggjast ut til offentleg ettersyn to verker før årsmøte i kyrkja. I framlegg til vedtak er det sett opp eit utkast til møteplan som imøtekjem ein del fristar som rådet må halda seg til. Soknerådet kan vurdera planen og etter evt. justeringar stadfesta den i vedtaket.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet vedtek slik møteplan for første halvår 2019:

Torsdag 21. mars kl. 18.30 (Årsmelding m.m.)

Onsdag 24. april kl. 18.30 (Godkjenning av liste til soknerådsvalet m.m.)

Torsdag 6. juni kl. 18.30 (Rekneskap, preikeliste for 2. halvår m.m.)

Kyrkjelyden sitt årsmøte vert halde sundag 7. april etter gudstenesta.

Dersom det skulle vera behov for møte utover dette, fastset soknerådsleiar tidspunkt for møte.



Sak 03/19: Referat frå sist møte

Referatet frå møte den 3. desember 2018 har medlemene fått tilsendt og godkjent tidlegare. Referatet er enno ikkje lagt ut på heimesida til Fitjar kyrkje, men det skal me få gjort om ikkje lenge.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 3. desember 2018.

Sak 04/19: Meldingssaker

I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

1. Arbeidet med kyrkjesta
2. Rapportering til SSB for 2018
3. Brannvern i kyrkja, rapport frå tilsyn i desember 2018
4. Soknerådsvalet 2019
5. Matstell i samband med konfirmantundervisninga

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til orientering

Sak 05/19: Open post

Sak 05/19: Arrangement i kyrkja sin regi

Sidan sist møte har det vorte halde fleire arrangement i kyrkja sin regi, slik som julefeiring, gudstenester, konfirmantsamlingar m.m. Det kan vera greitt om soknerådet tek ei lett evaluering av desse arrangementa.

Det har komme spørsmål om ikkje tradisjonen med kyrkjelyden sin årsfest burde vore teken oppatt. I 2017 vart det helst mykje festing i kyrkjelyden grunna nytt orgel og 150-årsjubileum. Difor vart det ikkje arrangert årsfest vinteren 2018. No har me fått reservert Fitjar Bedehus sundag 17. mars frå kl 16.00 og utover. Dersom soknerådet vil laga til årsfest bør det setjast ned ein komite som kan få folk til å vera med på den praktiske delen av førebu og gjennomføring, samt at det må lagast program for festen.

Når det gjeld kyrkjelydsturen til Helgatun siste helga i mars, er ein eigen komite i sving med å førebu turen.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til orientering



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Sak 06/19: Drøftingssak om fond og gaver

I alle dei år som det har vore eigen kyrkjelydsprest i Fitjar har det vorte samla inn gaver for å finansiera deler av denne stillinga. Frå tid til anna kom det inn meir i gaver enn det som var behovet for å løna kyrkjelydspresten. Overskotet frå innsamlinga vart ved kvart årsskifte sett inn på eit eige fond. På det meste stod det over kr. 1 mill. på fondet. Dei siste åra før 2017 vart det brukt ein del av fondet for å dekka løna til kyrkjelydspresten. Ved årskifte 2017 / 2018 stod det att kr. 643.364,- på fondet. Så langt eg kjenner til har det ikkje vore laga retninglinjer for bruk av fondet, anna enn at det vart rekna som sjølvsagt at det skulle gå til å dekka lønskostnader for kyrkjelydspresten i periodar då andre inntektskjelder ikkje strakk til.

Soknerådet gjorde i juni 2018 slikt vedtak:

Vedtak (samrøystes):

1. *Fitjar sokn skal snarast råd lysa etter trusopplærar i 80% stilling. Det er ein føresetnad at løvvinga frå kommunen, som skal dekka løn til kyrkjetenar og klokkar, kan overførast til trusopplæring og ungdomsarbeid.*
2. *Soknerådet sitt arbeidsutval får fullmakt til å gjennomföra utlysing og anna førebuing som må til før tilsetjing. Sjølve tilsetjinga skal gjerast av soknerådet.*
3. *Dersom ein får på plass ein dugande trusopplærar, vil soknerådet vurdera avvikling av stillinga som kyrkjelydsprest i Fitjar samt retningsliner for fondet som er oppretta til inntekt for kyrkjelydsprest*

Etter punkt 3 i vedtaket skal soknerådet no vurdera om stillinga som kyrkjelydsprest i Fitjar skal avviklast. Dersom det vert utfallet må rådet drøfta kva som då skal skje med Fondet for kyrkjelydsprest.

Eit anna tema som soknerådet bør drøfta, er kva dei faste gavene som kjem inn til kyrkjelyden kvar månad skal brukast til. Etter at det vart sendt ut melding om at gjevartenesta til kyrkjelydspresten var avslutta, valde nokre av gjevarane å stoppa tenesta. Andre valde å halda fram med gjevartenesta for å støtta anna arbeid i kyrkjelyden.

Soknerådsleiaren vil innleia til drøfting om saka på møte.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

Sak 07/19: Soknepresten sine tankar om gudtenester m.m.

Sokneprest Roald Drønen, som nyss har starta i tenesta si for Fitjar kyrkjelyd, ynskjer å ha ein samtale med soknerådet om ulike tema som gjeld innhald og gjennomføring av gudstenestene. Presten er oppteken av at soknerådet skal få vera med å påverka dette. Det kan vera tradisjonar og måtar å arbeida på her i Fitjar som er ulikt det som ein finn i andre kyrkjelydar. Difor kan det vera greitt med ein dialog rundt dette, noko som kan føra til at gode idear frå andre kyrkjelydar kan få innpass her, eller at dei gode løysingane som fungerer godt her i Fitjar kan halda fram.

Soknepresten innleier til samtalens i møtet.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.